

Etne kommune

Melding om oppstart av kommunedelplan for tunnel Skånevik-Etne

Offentleg ettersyn av planprogram

I medhald av Plan- og bygningslova § 20 - 1, § 20 - 5 og § 33 - 2, forskrift §§ 5 og 6 vert det med dette meldt om oppstart av arbeid med kommunedelplan for tunnel mellom Skånevik og Etne. Tiltakshavar for planarbeidet er Tunnelselskapet Skånevik-Etne AS.



Utarbeiding av planprogram er eit nytt prosesstrinn i høve til ordinær planprosess og skal sikra tidleg medverknad og avklaringar av viktige omsyn i planlegginga. Ope høyringsmøte vil bli 12. Desember. Møtet vil verta annonsert særskilt.

Hovudmålet med planarbeidet er å leggja til rette for ein meir effektiv og trafikksikker vegakse mellom tettstadene Etne og Skånevik, samt å styrkja den midtre vegaksen mot Bergen og Haugesund.

Andre målsetjingar med planarbeidet er å oppnå:

- Reduserte transportkostnader
- Bete miljørekneskap
- Bete trafikktryggleik

Denne meldinga samt planprogrammet med kart, vert kunngjort på heimesida til Etne kommune: www.etne.kommune.no, samt på heimesida til Akvator AS: www.akvator.no. Planprogrammet er også lagt ut på kundetorget i tinghuset i Etne, samt Sparebanken Vest sine lokale i Skånevik.

Merknader og innspel til planprogrammet må sendast innan onsdag 2.januar 2008 til:

Akvator AS, postboks 743, 5404 Stord
Telefon: 53 40 41 80 · Telefaks: 53 40 41 85 · E- post: firmapost@akvator.no

